

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Matrikkeletat

Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining

Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Grønlandsvegen 23	23	129	0	0	Andersen Harald Wiig (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	26.08.2019	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymarkering av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring

Frådeling av ein bustadparsell frå gnr 23 bnr 129.

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	02.08.2019		
Rekvirent	Rekvisisjonsdato		
Andersen Harald Wiig			

Habilitet

Landmålararen sitt namn

Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varsetet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt framfmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
615-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
615-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
129D	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Eksist. grense nedsatt på nytt			
615-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
615-4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
615-5	Umerket Nedsatt i:				
129E	Umerket Nedsatt i:				
413F	Steingjerde Nedsatt i:				
413E	Steingjerde Nedsatt i:				
257J	Steingjerde Nedsatt i:				
257I	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet			
83A	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Eksist. grense nedsatt på nytt			

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 02.08.2019 godkjent deling av ein parsell av gnr 23 bnr 129, administrativt vedtak saknr: 166/2019.

Oppmålingsforretning vart halde 26.08.2019. Ved forretninga møtte Kari Erikstein for 23/129, Kirsten Torsvik og Kjartan Markhus for 23/257. Eigar av 23/83, 23/1 og 23/413 var også varsla, men møtte ikkje.

Yttergrensene for 23/129 er fastlagt og oppmålt ved kart- og delingsforretning i 2002. Grensa mot 23/257 vart påvist med grensemerke i fjell, grensepunkt 257I og punkt i steingard som var markert med spray, grensepunkt 257J.

Grensa mot 23/83 vart påvist med merkestein, grensepunkt 129D. Her vart det sett ned nytt grensemerke i stein. Vidare vart grensepunkt 129E og grensepunkt 129F påvist med spraymerke. Det vart konstaterert at den nordvestre grensa til 23/83 mot 23/129 går litt inn i den oppførte hagestua til 23/83. Styrar har vore i telefonkontakt med Thomas Hagewick (23/83) seinare same dag. Han var interessert i at grensa vart justert slik at heile hagestua ligg på 23/83 og at 23/129 får igjen ein trekant frå 23/83 der innkøyringa til den nye parsellen skal vera. Kari Erikstein (23/129) var samd i denne løysinga. Kommunen har sett ned to nye grensemerker i fjell, grensepunkt 615-3 og 615-4. Vidare vert grensa mellom 23/83 og 23/129 justert i nordvestre hjørne av 23/83, slik at det nordvestre hjørnet til 23/83 vert trekt 4m lenger sør. Den nye parsellen vil då eiga 5m langs vegen og treng ikkje å ha tinglyst vegrett over 23/83.

Ved justeringa har 23/129 avgitt 11,7 m² til 23/83 (areal ved hagestue) og fått overført 15,3 m² (areal ved innkøyring) frå 23/83. Kommunen vurderar dei to areala som vert justert til å ha like stor verdi. Grensejusteringa gir ei meir hensiktsmessig arrondering av parsellane.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa må eigar av 23/83 og eigar av 23/129 godkjenna justeringa ved underskrift på protokollen og returnera eit eksemplar hertil.

Den nye parsellen har fått tildelt gnr 23 bnr 615 og er innmålt og utrekna til 754,5 m². Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden. Det er ikkje gjort endringar i koordinatverdiane i grensa mot 23/257 og 23/413. Grensa mellom 23/83 og 23/129 er nymålt. Etter ønskje frå Thomas Hagewick har kommunen også merka grensepunkt 83A med nytt grensemerke i jord.


Når kommunen får tilbake underskriven protokoll frå eigar av 23/83 og 23/129 vil vi matrikkelføra dei nymålte grensene og senda melding til tinglysing. I etterkant av tinglysinga vert det skrive ut nytt matrikkelbrev for 23/615 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av gnr 23 bnr 83 og eigar av gnr 23 bnr 129 godkjenner med dette grensejusteringa og dei nye grensene slik dei er skildra ovafor.



Eigar av gnr 23 bnr 83



Eigar av gnr 23 bnr 129

Sted
Frekhaug

Dato
29.08.2019

Underskrift

